



ULSTEIN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Rebekka Bjørndal

Arkivsak: 2010/453

Løpenr.: 2141/2015

Utvalsaksnr.

Utval

Møtedato

Ulstein kommunestyre

12.03.2014

Saka gjeld:

KOMMUNEREFORMA - ORIENTERING OM LOKAL FRAMDRIFTSPLAN

Tilråding frå Rådmannen:


Ulstein kommunestyre tek orientering om lokal framdriftsplan til vitande no.

Saksfakta:

Saka er ei vidareføring av sak om lokal prosess, handsama i kommunestyret 11. desember 2014. Saka tidfestar aktivitetar og milepålar for 2015-2016.

Samandrag av saka:

Fylkesmannen har delt reformarbeidet i perioden 2014-2016 i tre fasar:




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Lokal framdriftsplan i Møre og Romsdal

2014	2015	2016
<div style="background-color: #0056b3; color: white; padding: 5px; text-align: center; font-weight: bold;">Fase 1</div> <div style="background-color: #0056b3; color: white; padding: 5px; text-align: center; font-size: small;">(Høst 2014)</div> <ul style="list-style-type: none"> Alle 36 kommunene i Møre og Romsdal legger fram en sak til sitt K-styre om hvordan de ønsker å jobbe med kommunereformen i sin kommune for å komme i mål våren 2016. Prosess! Her kan det tas utgangspunkt i en felles mal som fylkesmannen utarbeider 	<div style="background-color: #0056b3; color: white; padding: 5px; text-align: center; font-weight: bold;">Fase 2</div> <div style="background-color: #0056b3; color: white; padding: 5px; text-align: center; font-size: small;">(2015 - før og etter valget)</div> <ul style="list-style-type: none"> FØR valget, dvs våren 2015 arbeides det med lokale prosesser og informasjon for å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag. En sak med fakta grunnlag anbefales lagt fram for K-styret, våren 2015. ETTER valget: Folkevalgtopplæring med spesiell vekt på kommunereform og framtidsutfordringer 	<div style="background-color: #0056b3; color: white; padding: 5px; text-align: center; font-weight: bold;">Fase 3</div> <div style="background-color: #0056b3; color: white; padding: 5px; text-align: center; font-size: small;">(Våren 2016)</div> <ul style="list-style-type: none"> I løpet av 1.tertial 2016 skal det til alle k-styrer fremmes en sak hvor man kommer med forslag til framtidig kommunestruktur. Da det kan bli behov for flere runder i k-styret er det viktig at det er noe tid å gå på fram til juni 2016. Frist for innsending av vedtak til Fylkesmannen: 01.07.2016

Trygg framtid for folk og natur



Kommunereform fase 1

I tråd med Fylkesmannen sitt forventningsbrev med framdriftsplan, fatta Ulstein kommunestyre hausten 2014 prosessvedtak om kommunereforma.

Fylkesmannen har vurdert vedtaket og Ulstein kommune vert tildelt kr. 200 000 i skjønsmidlar til arbeid med reforma.

Arbeidet lokalt er organisert gjennom ei prosjektgruppe som består av ordførar (prosjektleder), varaordførar, to hovudtillitsvalde, rådmann, ass. rådmann og kontaktperson for kommunereforma.

Kommunereforma fase 2

Kommunereforma er no inne i fase 2 i samsvar med Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin

framdriftsplan.

Våren 2015 vil ein lokalt arbeide med gjennomføring av ulike medverknadsaktivitetar, forankring, skaffe faktagrunnlag og sørge for informasjon til folkevalde, tilsette, innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor mv.

Kommunestyret, formannskapet og dei politiske utvala skal verte orientert gjennom referat frå prosjektgruppemøta, og kommunereforma står på agendaen til kvart møte.

Reformarbeidet i denne fasen inneber også ei utgreiing av aktuelle samanslåingsalternativ.

Prosjektgruppa har vurdert tidfesting av innbyggjarundersøking innanfor rammene av overordna framdriftsplan til oktober 2015. Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilbyr kommunane eit verktøy for innbyggjarundersøking i samband med kommunereforma. Innbyggjarundersøkinga vert utført i regi av Sunnmøre regionråd. Resultat av innbyggjarundersøkinga vert å legge til grunn for sonderingar og forhandlingar.

Kommunestyret handsamar sak om ny kommunestruktur, mai/juni 2016.

I den grad det er hensiktsmessig vil ein koordinere aktivitetane med nabokommunar, og dra vekslar på ressursar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Sunnmøre regionråd

Framdriftsplan

Under følgjer lokal framdriftsplan med aktivitetar og milepålar for 2015 – 2016.

Vår 2015	Utgreiingsfase/vurderingsfase - Fase 2	Ressurs
Januar – juni	Lokale prosessar og drøftingar	Prosjektgruppa Kommunestyret Formannskapet Politiske utval
Januar	Ope møte, 21. januar	Prosjektgruppa
Februar	Prosess- og samordningsmøte sjustjerna, 13. februar	Ordførarar Rådmenn Tillitsvalde Kontaktpersonar
Mars - mai	Møter om kommunereforma med tenestemottakarar, lag, organisasjonar og tilsette	Prosjektgruppa
Mars	Studietur til København, 9.-11. mars	Delar av prosjektgruppa
Mars	Sak til formannskap og kommunestyret om framdriftsplan	Prosjektgruppa
Mars	Temamøte om kommunereforma i kommunestyret, 12. mars	Prosjektgruppa Kommunestyret Politiske utval
Mars	Møte i rådmannsgruppa, 27.mars	Rådmenn Ordførarar Tillitsvalde Kontaktpersonar
Mars/april	Stortingsmelding nye oppgåver	
April	Ope møte	Prosjektgruppa
April	Arena Sunnmøre, 23. april	Folkevalde

SAKSFRAMLEGG

April	Møte i rådmannsgruppa, 24.april	Rådmenn Ordførarar Tillitsvalde Kontaktpersonar
April	Tenktank, 30.april	Fylkesmannen Kontaktpersonar
Mai	Førebu sak til formannskap og kommunestyret om faktagrunnlag	Prosjektgruppa
Mai	Møte i rådmannsgruppa, 29.mai	Rådmenn Ordførarar Tillitsvalde Kontaktpersonar
Juni	Innstille vedtak om statusrapport i formannskapet	Prosjektgruppa Formannskapet
Juni	Vedtak om statusrapport og ev. vedtak om definerte alternativ for samanslåing	Prosjektgruppa Kommunestyret
Juli	Sende vedteken statusrapport innan 1. juli 2015 til Fylkesmannen	Politisk sekretariat
Haut 2015	Prosjektfase - Fase 2	
August	Tenketank	Fylkesmannen (Kontaktpersonar)
September	Kommuneval, 14. september	
Oktober	Innbyggjarundersøking	Sunnmøre regionråd
Oktober	Nytt kommunestyre	
November	Tenktank	Fylkesmannen Kontaktpersonar
November	Arena Sunnmøre, 26. november	Folkevalde
November – desember	Presentasjon av innbyggjarundersøking i kommunestyret	Prosjektgruppa
Desember	Ev. vedtak om intensjonsavtale	Prosjektgruppa Politisk handsaming
Vår 2016	Avgjerslefase - Fase 3	
Januar	Forhandlingsperiode med aktuelle partar	Prosjektgruppa
Februar – mars	Presentasjon av forhandlingsresultat	Prosjektgruppa
Juni	Innstille vedtak om samanslåing i Formannskapet	Prosjektgruppa
Juni	Vedtak om samanslåing	Kommunestyret
Juli	Sende vedtak om samanslåing til Fylkesmannen innan 1. juli 2016	Politisk sekretariat

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner lokal framdriftsplan legg til rette for forankring og involvering, og at den sikrar framdrift i samsvar med nasjonale og regionale tidsplanar.

Samstundes vil rådmannen understreke at det er viktig at plan for lokal prosess er open, men også fleksibel og budd på tilpassingar.

03.03.2015

Einar Vik Arset
rådmann

Rebekka Bjørndal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.